

Siste trening før KM i fri-idrett er mandag.

15.09.2013



Frå ei fri-idrettstrening i fjar.

**Søndag 22.september vert Kvinnheradsmeisterskapet i fri-idrett arrangert på Heio. Meisterskapet er for aldersgruppa 10-19 år. I morgen mandag vert den siste førebuande treninga. Den er på Heio frå kl.19 og utover. Jostein Saghaug i fri-idrettsgruppa opplyser at det er viktig at alle som vil delta i KM, melder seg på på førehånd. Siste frist for påmelding vert på treninga.**

Det er 25 år sidan Uskedal idrettslag arrangerte Kvinnheradsmeisterskapet i fri-idrett sist. Dei seinare åra har det vore avvikla på Husnes. No er imidlertid banen der omgjort til anleggsområde, og derfor er arrangementet flytta til Heio.

På banen på Heio er det også gjort ein framifrå dognadsinnsats. Mykje er gjort, men det skal framleis gjerast meir arbeid i løpet av veka slik at arrangørane kan presentere gode forhold til meisterskapet.

Meisterskapet startar søndag 22.september kl.12, og det vert konkurrert i følgjande øvingar:  
60 m (10 - 14 år).

100 m (15 - 19 år)

kule (10 - 19 år)

Lengde (10 - 19 år)

600 m (10 - 13 år)

800 m (14 - 19 år)

Vi kjem tilbake med meir førehandsomtale av sjølve meisterskapet når helga nærmar seg, men først er det trening i morgen, mandag, kl. 19 på Heio. Og hugs påmelding!

Av: Thor Inge Døssland.